

**NIBIO**NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Landbruks- og matdepartementet

Dato: 31.10.2025

Deres ref: 25/1202

Vår ref: 25/01157

NIBIO

Postboks 115, 1431 Ås

Tlf: 406 04 100

post@nibio.no

nibio.no

Org. nr: 988 983 837

Innspill til Forslag til endringer i jordlova og skogbrukslova mv.

Vi viser til dykkar høyring av Forslag til endringar i jordlova og skogbrukslova mv. (omdisponering av skog til innmarksbeite og overtredingsgebyr) 4. juli, med invitasjon til innspel frå NIBIO.

I det følgjande innspelet har NIBIO ved Senioringeniør Kjetil Fadnes, i Avdeling Landbrukskart, Divisjon for Kart og statistikk, vurdert forhold knytt til klassifisering av areal.

NIBIO meiner det er behov for eit tydelegare skilje mellom omdisponering av areal og klassifisering etter AR5 klassifikasjonssystem. Vi oppfatter det slik at omdisponering gjeld vedtak etter lov, medan klassifisering gjeld ei vurdering av faktisk tilstand, eller situasjon i marka. NIBIO meiner det må presiserast at manglande eller avslått søknad om omdisponering av skog til innmarksbeite ikkje må vere til hinder for at eit areal likevel blir klassifisert som innmarksbeite i AR5. I AR5 skal areala klassifiserast etter tilstanden på marka, uavhengig av enkeltvedtak etter forvaltningslova.

NIBIO oppfatter forslaget slik at søknadsplikta skal gjelde for skog som er omfatta av foryngelsesplikta, og at dette er regulert gjennom skoglova § 2.

Skoglova § 2 Virkefelt for lova

Denne lova gjeld for all skog og skogmark. Med skogmark forstås ein i denne lova grunn som er skogproduserande, eller som etter ei samla vurdering er best eigna for skogproduksjon, og som ikkje er nytta til andre formål.

Med formuleringa om at arealet «etter ei samla vurdering er best egna for skogproduksjon» vil det vere rom for skjønn. For å sikre sams handheving av lova etter endringa ser vi behov for at det blir presisert i kva grad søknadsplikta også skal gjelde for jordbruksareal som har gått ut av bruk og har grodd igjen til skog. Fulldyrka jord blir til dømes omklassifisert til skog dersom det er 5-6 tre per dekar som er rundt 3-4 cm tjukke ved rota.



NIBIO

Etter AR5 klassifikasjonssystem kan eit innmarksbeite vere tresatt. Tresettinga skal i så fall vere glissen, med det kan likevel vere over 6 tre per dekar som er eller kan bli minst 5 m høge, som er kriteriet for å klassifisere det som skog i AR5. Eit areal kan dermed både fylle krava til skog og til innmarksbeite, og i så fall skal det klassifiserast som innmarksbeite i AR5. Her er det vegetasjon og kulturpreg på bakken som er avgjerande. Det betyr at eit areal kan omklassifiserast frå skog til innmarksbeite i AR5 dersom ein har rydda bort busker og endra vegetasjonen på bakken til dømes gjennom beiting, utan å nødvendigvis hogge eller tynne i skogen. I andre tilfelle kan litt tynning vere nok til at arealet skal klassifiserast som innmarksbeite og ikkje som skog.

Med vennlig hilsen

Per Stålnacke

Forskningsdirektør, NIBIO